



* Vegen blei til medan dei reiste. Her studerer Juliane Kravik kvar vegen skal gå vidare. Utan boka hadde dei hatt problem med å ta seg fram til dei ulike stadane.

rte Vietnam

og fekk overnatte hos vietnamesiske familjar.

- Vi kom i snakk med folk overalt, som til dømes på stranda. Mange tok kontakt med oss, og mange prøvde å selje oss ulike ting, som perler til dømes. Vi kunne ha lange samtalar, men språket var av og til ei utfordring. Ei familie vi snakka med kunne ikkje engelsk, og der føregjekk all kommunikasjon gjennom teikningar. Men vi fekk vere med denne familien heim, og fekk vere ein del av storfamilien, og fekk overnatte der, fortel Kravik.

Godt og gale

- Det verste vi såg trur eg var på marknadane. Mi store skrekk på turen var å få sjå hundar i bur som skulle slaktast. Akkurat det slapp eg heldigvis, men vi såg ein steikt hund, og etter det var det berre kylling som utgjorde kosten vår, forklarar ho, og fortel at dei også såg flådde padder på marknadane som hadde fått skjært av fingrar, tær og munn, men som framleis var i live.

- Og trafikken var gal. Eg vart for-

søkt rana medan eg sat bakpå ein moped i fart. Nokre prøvde å ta bagen min. Det var berre badehandkle i den, så fortienesta hadde nok ikkje blitt så stor, men eg kunne blitt alvorleg skadd viss eg hadde falle av. Vi opplevde likevel aldri Vietnam som farleg. Folk var snille og vennlege, og religionen seier mykje om korleis dei skal te seg, seier den reiseglade studenten.

På dei tre vekene turen varte var dei to på reise i heile landet, frå nord til sør. No ventar eit nytt skuleår, men at det blir liknande prosjekt i framtida er dei to reiselystne visse på.

- Vi reiste rett frå eksamen i Volda til eit konstant stress i tre veker. Vi



* I velkjente hattar.

reiste gjerne om natta i stappfulle bussar, eller med tog, i lugarar som var tjåka fulle. Vi blei veldig slitne, men det var verd det. Eg ville gjort det ein gong til, og vi kjem nok til å

gjere liknande prosjekt igjen, seier Kravik.

JANNE-MARIT M. FALCH



* Ein hyggeleg kar dei møtte på reisa.

Karakterrulett ved skulane

(NPK): Ein elev kan få ein 6-ar ved ein skule og ein 4-ar ved ein annan med same kunnskap, skriv NRK Hordaland.

Årsaka er at det manglar faste retningslinjer for korleis ein skal sette standpunktarakterar.

- Det som er det verste er at du kan ha same kompetanse som ein annan elev, men du kjem ikkje inn på førstevealet. Og etter kvart finn du ut at den eleven som kom inn har høgare karaktersnitt enn deg. Då får ein sur smak i munnen, seier Marcus Irgens, leiar i Elevorganisasjonen i Bergen, til NRK Hordaland.

I ein fersk rapport frå forskingsinstituttet Nifu-Step kjem det fram at lover og forskrifter ikkje sikrar elevane lik vurdering. Til det er ikkje lovverket konkret nok står det i rapporten.

- Opplæringslova skildrar i mykje større grad forhold rundt eksamen. Regelverket i forhold til standpunkt er mykje meir utydeleg, seier professor og forskar ved Nifu-Step Jorunn Spord Borgen.

Lærarane etterlyser klarare retningslinjer, men Utdanningsdirektoratet har førebels ikkje planar om å utarbeide felles retningslinjer.

- Me håpar at ei fireårig satsing på vurdering skal gjere lærarane tryggare, seier avdelingsdirektør Siv Hilde Lindstrøm i Utdanningsdirektoratet.

Sauene får elektroniske øyredobbar

(NPK): Frå 2011 er alle bønder nøydd til å merke sauene sine elektronisk.

- Det elektroniske merket kan lesast av som ein strekkode, slik som i matbutikkar, seier Siri Løtvedt i Mattilsynet.

Til no har det halde å merke sauene med eit visuelt synleg merke med sjusifra kode. No får norske sauer i tillegg eit synleg elektronisk merke i det andre øyret med den same koden.

- Det er for å kunne spore dyr og kjøtt tilbake til der dyret er fødd, viss ein finn smitte eller sjukdom i det. Elektronisk merking er raskare og sikrere enn når ein les koden med auga, forklarar Løtvedt.

Geitene slepp

Geiter som blir eksportert til andre land, må også merkast elektronisk.

- For alle andre geiter er elektronisk merking framleis frivillig, heiter det i pressemeldinga frå Mattilsynet.



ANNONSER
ARRANGEMENTET DU
HAR ANSVAR FOR I
MØRE.



to reisande frå Noreg avstod frå å nærte dei seg stort sett på kylling.